



Mellombels forskrift om smitteverntiltak, Sveio kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av kommunelegen i Sveio kommune 3. desember 2021 med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar (smittevernloven) § 4-1 og delegeringsreglement 12. april 2021.

§ 1 Formål

Formålet med forskrifta er å hindra eller avgrensa spreieing av SARS-CoV-2 i befolkninga, og sikra oppretthalding av tilstrekkeleg kapasitet i helse- og omsorgstenester i periodar der smittetala er stigande eller høge eller der potensialet for smittespreieing er stort.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld i Sveio kommune.

§ 3 Bruk av munnbind

Når det er fare for at det ikkje er mogleg å halda minst éin meters avstand, ut over kortvarige passeringar til andre enn husstandsmedlemmer, skal det brukast munnbind i butikkar, i fellesareala på kjøpesenter, på kollektivtransport og taxi.

Krav om å bruka munnbind gjeld tilsvarande for tilsette på nemnde stader i første avsnitt kor det ikkje er mogleg å halda minst éin meters avstand frå besøkande. Dette gjeld ikkje tilsette på stader kor det er iverksett andre smitteverntiltak for dei tilsette som bruk av visir, skiljeveggar o.l. etter Folkehelseinstituttet sine anbefalingar.

Passasjerar skal bruke munnbind i taxi. Munnbindet skal bli tatt på før passasjeren set seg inn i taxien, og skal ikkje bli tatt av før reisa er avslutta og passasjeren har gått ut av taxien. Plikta til å bruka munnbind gjeld tilsvarande for sjåfør når det er passasjer i taxien.

Krav om å bruka munnbind gjelder ikkje for barn under 12 år, eller for dei som av medisinske årsaker ikkje kan bruka munnbind.

§ 4 Ansvar

Sveio kommune tar ikkje på seg økonomisk ansvar som følge av pålagde tiltak.

§ 5 Straff

Brot på denne forskrifta § 3 eller vedtak gitt med heimel i forskrifta straffast etter lov om vern mot smittsame sjukdommar § 8-1, men med strafferamme som i covid-19-forskrifta § 24.

§ 6 Ikraftsetting og varigheit

Forskrifta trer i kraft 4. desember 2021 kl. 00.00, og gjeld til 7. januar 2022 kl. 24.00.